

Vår ref.:
Arkiv 09/09/4670-2
Styrevedtak UiS 17.9.2009 sak US 78/09
Styrevedtak UiS 26.11.2009 sak US 117/09

Saksbehandler:
Karstein B. Dalaker

Arkivkode
A-116

Dato:
18.12.2009,
13.1.2010.
Korrigert 19.1.2010

Balansert omstilling for utvikling Arkeologisk museum 2010-2012

Bakgrunn

På bakgrunn av stabilt høgare utgifter enn inntekter frå dei ulike organisasjonseiningane ved universitetet, har UiS styre, etter framlegg frå universitetsdirektøren, vedteke å iverksetja tiltak for å få ei endra utvikling basert på eit sunn økonomisk grunnlag. Vi viser her til styremøte 17. september 2009 sak US 78/09 og 26. november 2009 sak US 122/09 om "Balansert omstilling for utvikling":

- " ...
- Styret merker seg den økonomiske utvikling og prognosene for årene fremover.
 - Styret støtter tiltaket "Balansert omstilling for utvikling", og forventer rapporter fra alle fagenheter med oversikt over hvilke tiltak de vil gjennomføre med frist 011009.
 - Styret forventer pr 311209 tilbakemelding fra alle enheter på hvilke tiltakstyper de vil iverksette med forventet effekt og tidsplan.
 - Styret vil ha tertialrapporter om utviklingen gjennom hele perioden.
 - Styret vil på grunnlag av innspill vedta mål for prosjektet.
 - Styret forventer at ledelsen koordinerer arbeidet, og at alle enheter involveres.
- ..."

AM har eit samla meirforbruk i 2009 på om lag 1,2 mill. kroner. I perioden 2010-2012 har museet derfor som mål å ha:

- stabile inntekter frå løyving og eigeninntekter frå publikumstilbudet og eksternt finansierte prosjekt
- rekneskapsmessig balanse ved tilpassing av kostnadene til faktiske inntekter kvart år
- tilbakebetaling av meirforbruket frå 2009 innan utgangen av perioden

Desse føresetnadene er nærare omtala i "AM disponeringsskriv for 2010" og i styresakene, berre hovudlinjene er medteke her.

Museet har sidan 1975 i dei fleste åra levert eit rekneskap i balanse. Sidan vår eksternt finansierte verksemd (EFV) er omfattande, om lag 1/3-del av vår samla økonomi, vil endringar i rammer, bestillingar av m.a. arkeologiske undersøkingar og samla fakturering frå vårt faste personale verke inn på vår samla økonomi.

Bakgrunnen for meirforbruket er i hovudsak knytt til den eksternt finansierte verksemda. I 2009 har AM eit tilstrekkeleg omfang av prosjekt og tilstrekkeleg inntening på dei enkelte prosjekta, men dei samla faste lønskostnadene som er føresetta finansierte gjennom desse inntektene, er diverre endå høgare. Endringar av vår modell for kostnadsdekning av utgifter i samband med arkeologiske undersøkingar ut frå rettsavgjerd, spesielle omstillingskostnader i samband med fusjonen med UiS mv. har og vore negative element for vår økonomi.

Vårt strukturelle problem knytt til basisfinansiering av vårt faste personale som arbeider i med arkeologiske undersøkingar, vart særleg fokusert i det felles brevet frå styra ved UiS og AmS, dagsett

23.06.08, til dei to statsrådene før fusjonen der grunnlaget for ein samanslåing vart presentert. Eit av punkta her var at dersom museet skulle ha ein finansiering på linje med dei andre universitetsmusea, dvs. at i faste oppdragsstillingar vert det faste tilsetningar og at lønsutgifter til desse stillingane vart løyvd over den ordinære statsløyvinga, vil dette utgjere ca. 10 millionar kroner. Det vart ikkje gjeve ei slik løyving over budsjettet for 2009 og heller ikkje for 2010.

Sjølv med ein betre grunnfinansiering er likevel andre universitetsmuser også inne i fleirårige omstillingsarbeid. Utfordringane og risikoen her er og tidlegare omtala i museet sine egne plandokument, og i styremøte ved UiS 27.11.2008 sak 90/08 "Innpassing av Arkeologisk museum i Stavanger i Universitetet i Stavanger".

Utviklinga er rapportert i løpet av året, jf. m.a. vedtak 17. september 2009 sak US 78/09 om "Balansert omstilling for utvikling":

"... Museet sliter med at de har for mange ansatte i forhold til basisrammen. Dette er resultat av behov for å holde på god kompetanse innen utgraving og vurdering av arealer der det må vurderes om fornminner ødelegges av utbyggingsplaner. Museumsdirektøren har innført stillingsstopp, med det forbehold at tilsetninger må gjøres der faglig aktivitet krever det ..."

Vi rekna i 2009 med eit samla meirforbruk på om lag 2,5 mill. kroner som ved ulike tiltak er redusert til 1,2 mill. kroner, og målet er derfor i 2010 å få eit rekneskap som viser balanse. Jf. vedtak 26. november 2009 sak US 117/09 om "Balansert omstilling for utvikling":

"... AM har et forventet overforbruk på 2.5 mill. Utfordringen på AM er flere ansatte enn statsløyvingen dekker, og strammere regler for prosjektkostnadsberegning. De bør nok over tid redusere staben med 10 årsverk for å ha en god frihetsgrad. Direktøren forventer at AM reduserer forbruk på statsbevilgningen med minst 2 millioner i 2010 ..."

Museet har redusert omfanget av verksemda slik at det i 2010, i tillegg til balanse i rekneskapen, vert lagt opp til eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr. som skal nyttast til reduksjon av meirutgiftene frå 2009. Vidare vil vi legge til rette verksemda og budsjetter slik at ytterlegare ein halv mill. kroner vert tilbakebetalt for kvart av års 2011 og 2012.

Dersom dette ikkje er tilstrekkeleg, vil vi vurdere ytterlegare tiltak for å nå budsjettbalanse. Utviklinga vil bli rapport til styret kvart tertial ut frå overordna planar.

Museet har merka seg at direktøren gjennom dei overordna retningslinjene peiker på trongen for balanse i rekneskapen, innbetaling av meirforbruket i 2009 over tre år og tiltak for auka rom for utvikling gjennom reduserte personalkostnader i høve til den samla økonomiske ramma. Museet legg dette til grunn for planane for åra 2010, 2011 og 2012. Ut frå desse overordna rammene, dvs. m.a. økonomiske resultatmål, må museet likevel syte for å ha en naudsynt kompetanse og kapasitet til å ivareta det samfunnsoppdraget vi har i høve til arkeologiske undersøkingar sjølv om dette isolert kan føre til at vi ikkje oppfyller kravet om reduksjon i talet på tilsette.

Vurdering av dei faglege konsekvensane av dei føreslegne BoFU-tiltaka

Om vi ser dette i eit tre-årsperspektiv vil to faste vitenskapelige stillingar vert borte, uten at vi har økonomi til å erstatte disse i perioden.

Samstundes er museet inne i ei oppbyggingsfase. Dette vil mellom anna vera å få opp forskning, professorat og stipendiatar og andre tiltak for å verta eit fullverdig del av universitetet.


I tillegg til færre vitenskapelige stillingar vil reduserte driftsmidlar gjera det vanskelegare å leggje rammene til rette for auka publisering, frikjøp til auka forskningstid mv.

Alle slike reduksjonar av talet på vitenskapelige stillingar, kombinert med reduserte driftsmidlar, vil derfor potensielt kunna svekkja museet.

Vi viser til avsnittet "[Risiko](#)" for nærare omtale.

Økonomisk ramme 2010-2012


AM sin totale ressursbruk er årleg rekna til vel 60 mill. kroner. Av dette er omlag 18 mill. kroner overført til Felles Ressurssenter, Universitetsbiblioteket mv., og om lag 10 mill. kroner i direkte prosjektutgifter. Dvs. at for den basisfinansierte verksemda har AM budsjettert stabilt med 34 mill. kroner i brutto inntekter frå løyving og eigeninntekter basert på dei noverande rammene som er omtala i dette dokumentet.



EFV = Eksternt finansiert verksemd

AM vil arbeida vidare for å auka den faste løyvinga for verksemda, men dei presenterte planane er basert på dei noverande rammene som er omtala i dette dokumentet.

Grafen under viser kostnadene for 2010 fordelt på dei fire fagavdelingane, administrasjonen og leiinga:



I perioden 2011-2012 vil lønskostnadene verta reduserte med tre årsverk. Dette vil igjen medføre at finansieringsbehovet frå oppdragsverksemda vert mindre og dermed vil desse midlane på sikt kunne nyttast til andre tiltak etter at meirforbruket i 2009 er attendebetalt seinast innan utgangen av 2012.

Tiltak

AM reknar med behov for ein faktisk kostnadsreduksjon over tid på om lag to mill. kroner årleg. I tillegg vil driftskostnadene bli redusert med ein mill. kroner, dvs. til saman tre mill. kroner.

Årsresultatet for 2010 blir om lag 1,2 mill. kroner i meirforbruk, dvs. vel ein mill. kroner betre enn tidlegare føresett, då dette var basert på eit forsiktighetsprinsipp ut frå utviklinga andre tertial og avsetting for eventuell svak utvikling i tredje tertial 2010 som ikkje inntraff.

AM reknar likevel med at det vil vera behov for ein framtidig strukturell årleg reduksjon i faste kostnader på tre mill. kroner, både for å redusera ytterligere risikoen knytt til oppdrag og for på sikt å kunne frigjera midlar til andre føremål.

Ettersom AM skal tilbakebetala meirutgiftene frå 2009 og at effekten av bemanningsreduksjon vil auka gradvis, er det i tillegg føresett at tilleggsløyvinga vert vidareført for perioden 2011-2012 og at tilbakebetalinga aukast gradvis ettersom AM får frigjort midlar.

2010

I 2010 har AM fått ei tilleggsløyving på to mill. kroner, og i tillegg redusert driftsutgiftene med ein mill. kroner. Driftskostnadsreduksjonen er i hovudsak knyttet til mindre investeringer til utstyr, egenfinansierte utstillingar mv.

Dette gjev rom for at faste stillingsårsverk finansiert over statsbudsjettet kan aukast frå 37 årsverk til 42 årsverk.

Pr. 1.1.2010 har då AM 15,5 faste stillingsårsverk som ikkje er finansierte med fast løyving. Vi har utarbeidd eit budsjett for 2010 der vi reknar det som realistisk at desse vert finansierte direkte eller indirekte frå prosjekt.

2011-2012

Det er her føresett at tilleggsløyvinga på to mill. kroner og reduksjon av driftskostnadene på ein mill. kroner vert vidareført for å finansiera dei 42 stillingane.

I desse to åra er det samla rekna med ein reduksjon av fast tilsette på om lag tre årsverk, som fører til ein kostnadsreduksjon på om lag tre mill. kroner. Det skal vidare i desse to åra betalast attende tilsaman ein mill. kroner for meirforbruket i 2009, medan to mill. kroner vil vera ein reservemargin.

Dersom det kjem andre vesentlege endringar i budsjettføresetnadene, vil ytterlegare tiltak bli sett i verk.

Faste årsverk finansiert direkte eller indirekte ved prosjekt vil då verta redusert til om lag 12 årsverk innan utgangen av 2012.

I tabellen under er det medteke nøkkeltala for AM for perioden 2010-2012 (i 2010 kroner):

Heile 1000 kroner	2010	Løn/ samla inntekt	2011	Løn/ samla inntekt	2012	Løn/ samla inntekt
Inntekter løyving	26 800		26 800		26 800	
Inntekter publikumstilbudet	2 900		2 900		2 900	
Overhead mv. prosjekt	4 500		4 500		4 500	
Totale inntekter	34 200		34 200		34 200	
Løn	29 650	85 %	28 450	83 %	27 650	80 %
Andre utgifter	4 250		4 750		5 350	
Totalt utgifter	33 900		33 200		33 000	
Resultat	200		500		500	
Faste stillingar løyving	42		42		42	
Faste stillingar prosjekt	15,5		14		13	
Faste stillingar totalt	57,5		56		55	

Faste stillingar løyving: statsbudsjettet, billett- og salsinntekter mv. Faste stillingar prosjekt: finansiering direkte eller indirekte av eksternt finansierte prosjekt.

Omstillinga vil i perioden ha spesielt fokus på å:

- få tilstrekkeleg med eksternt finansierte prosjekt, herunder at det vert fakturert timar frå museet sine fast tilsette i samsvar med føresetnadene
- sikra tilstrekkelege eigeninntekter både frå publikumstilbodet og arkeologiske undersøkingar
- kostnadskontroll, særleg variable personalkostnader

Dette må samstundes verta balansert mot å ta vare på ei tilstrekkeleg kvantitativ og kvalitativ bemanning, tilstrekkelege rammer for forskning og kompetanseutvikling, organisasjonsutvikling og eit godt arbeidsmiljø.

Til informasjon er 22 av våre tilsette, tilsvarande 20,7 årsverk, tilsett i stillingar med forskingsrett.

Risiko

Ut frå ovannemnde mål og tiltak har vi laga ein enkelt risikoanalyse med vurderingar, tabellen er sett opp i samsvar med "UiS håndbok for risikostyring":

Risikoområde	Risiko	Konsekvens	Vurdering
Faglege mål	Låg	Vesentleg	Dei planlagde tiltak skal kunna gjennomførast utan vesentlege konsekvensar for dei faglege resultata. Færre tilsette og meir prosjektarbeid utført av fast tilsette inneber dog ein viss risiko for mindre forskning og anna fagleg arbeid. Det vil og gjelda tilsvarande for fellestenester. Vi vil derfor ha eit spesielt fokus på oppfølging av det faglege arbeidet både kvantitativt og kvalitativt.
Løyvingar	Låg	Vesentleg	Vi reknar her med å behalda løyvingar på om lag 27 mill. kroner årleg. UiS-AM vil saman med dei andre universitetsmusea og arbeida for å få løyvingar frå MD ift. Kulturminnelova § 10 og KD m.o.t. st.meld. nr. 15/2008. Jf. her at dei andre universitetsmusea har same problem med meirutgifter som AM.
Omfang av prosjekt	Middels	Vesentleg, ettersom desse framleis utgjer om lag ein tredel av finansieringa.	Ut frå røynsle og pågåande prosjekt er dette ei realistisk ramme. Det er og realistisk med høgare inntekter.
Inntening på prosjekt	Låg	Vesentleg dersom føresette timar utfakturert av fast tilsette ikkje vert gjennomført.	Timeprisar, som er nøkkeltalet her, reknar vi f.o.m. 2009 som stabile. I tillegg er det føresetnader per segment m.o.t. fakturering frå fast tilsette.
Sal frå publikumstilbudet	Middels	Middels, omfanget her er vesentleg mindre enn ved prosjekt.	Basert på ein analyse av 2009 vil dette verta evaluert m.o.t. realistiske inntekter og utgifter, herunder evt. justeringar.
Reduksjon lønskostnader	Låg	Vesentleg. Planen er basert på lågare lønskostnader, ikkje auka inntekter.	Har eigen kontroll med tilsettingar og personalplanar.


Det er lagt til grunn at den eksternt finansierte verksemda er delt på to hovudsegment:

- arkeologiske undersøkingar ima. Kulturminnelova §§ 8 og 10
- andre prosjekt

Museet utfører dei arkeologiske granskingane ima. Kulturminnelova § 10 på vegne av Miljøverndepartementet, som og fastset retningslinjer for arbeidet og godkjenner alle prosjektplanar og kostnadsoverslag.

Omfang av arkeologiske utgravingar vert fastsette eksternt ved reguleringsplanar, byggjevedtak mv.. Dette er faktorar AM i mindre grad kan føresjå, men samstundes må ha ein forsvarleg kvantitativ og kvalitativ beredskap for å handtera.

Grafen under viser utviklinga av bruttoinntekter frå forvaltningsoppdrag dei siste femten åra. Grafen viser at variasjonane er markante, samstundes som museet av samfunnsomsyn må ha ein tilstrekkeleg beredskap for å gjennomføra desse prosjekta innanfor fastsette tidsfristar:



Dersom vi føreset at finansieringa frå andre prosjekt er stabil, vil nødvendige bruttoinntekter frå arkeologiske undersøkingar etter Kulturminnelova § 10 i 2012, ut frå 15 åv, som til saman fakturerer om lag 10500 timar, vera redusert til om lag fem mill. kroner frå dagens krav på 22 mill. kroner.

Timar fakturert frå personalet ved AM vil vera ein sentralt intern styringsparameter i perioden 2010-2012, og vil bli følgt tett opp.

M.o.t. prosjekt for dei andre segmenta, jf. "AM disponeringsskriv for 2010" for nærare spesifikasjon.

I tillegg til årleg omfang, vil og priskalkylar og variable kostnader avgjera om dei årlege brutto inntektene er tilstrekkelege til å finansiera dei totale utgiftene.

Budsjettbalansen for den eksterne verksemda er derfor basert på fleirvariable og dels komplekse budsjettekniske samanhengar.

Den eksternt finansierte verksemda har nok ut frå ovannemnde omtale både risiko og mange utfordringar, men er samstundes ein viktig del av utviklinga av museet, både m.o.t. finansiering men og for den viktige samfunnskontakten vi får gjennom denne verksemda. Jf. herunder vedtak i UiS styre 26. november 2009 sak US 122/09 om "Balansert omstilling for utvikling":

"... Universitetsinntekter kan... deles i to, statsbevilgningen ... i tillegg ... inntekter ... utenfra. Departementet er særlig opptatt av at vi har balanse mellom aktivitet og kostnader knyttet til statsbevilgningen. Men peker samtidig på at eksterne inntekter må økes for å sikre et forskningsomfang- og nivå som bringer oss nærmere de gamle universitetene ..."

Dersom museet når målet om å redusera faste stillingar som er eksternt finansiert med 10 årsverk, vil denne risikoen verta vesentleg redusert. Ved at dette i hovudsak har skjedd og også i åra som kjem vil skje ved overføring til basisfinansierte stillingar, vil AM samstundes sikra ei forsvarleg kvantitativ og kvalitativ bemanning innanfor dette segmentet.

Samstundes må dette balanserast mot mange andre forhold, herunder ein god personalpolitikk, motivasjon og framtidstru, arbeidsmiljø, rekruttering og kva som praktisk er muleg.

Ved å redusere dei faste stillingsårsverka innan ekstert finansiert verksemd med 10 frå 01.01.2009 til utgangen av 2012, er risikoen knytt til for lite eksterne inntekter vesentleg redusert.

Personale

F.o.m. 1.1.2010 har museet 57,5 faste stillingsårsverk fordelt på 65 tilsette, av desse vel 15 årsverk finansiert direkte eller indirekte ved prosjekt.

Personale 2010 Avdeling	Årsverk			Stillingar		
	<i>Basis</i>	<i>Basis, finansiert av prosjekt</i>	<i>Totalt</i>	<i>Basis</i>	<i>Basis, finansiert av prosjekt</i>	<i>Totalt</i>
Leiging	2		2	2	0	2
Museumsadm.	7,2	1	8,2	8	1	9
Samlingar	8,9	1,6	10,5	9	2	12
Konservering	4	5	9	4	5	10
Formidling	13,5	0,8	14,3	19	1	20
Fornminnevern	6,5	7	13,5	7	7	14
Totalt	42,1	15,4	57,5	49	16	65

Prosjektilsette til faste prosjekt, arbeid med arkeologiske granskingar mv., vikarar ved sjukefråver, korte engasjement mv. kjem i tillegg, jamfør årsbudsjettet for 2010.

Faste stillingar som er direkte eller indirekte finansierte av prosjekt, gjeld både årsverk som vert direkte utfakturerte, og årsverk som vert finansierte av overhead mv. frå dei eksternt finansierte prosjekta.

Administrasjonen består av museumsdirektør, forskningssjef, avdelingsdirektør, økonomi 3 årsverk, samt administrative funksjoner 4 årsverk (sekretariat, informasjon, personal, kontoradm). Dvs. 10 årsverk.

Målretta organisasjonsutvikling m.o.t. fagleg utvikling, klare ansvarsforhold, samsvar mellom ansvar og fullmakt, opplæring i prosjektstyring og teamarbeid, effektiv bruk av IT, arbeidsmiljø, intern kommunikasjon, leiaropplæring og andre utviklingstiltak vil vera viktige byggjesteinar i dette arbeidet.

Klarer vi i fellesskap, både internt på museet og i samspel med dei andre delane av UiS, å byggja ein god og framtidretta organisasjon, vil dette og danna det beste grunnlaget for å skapa gode arbeidsplassar og for å nå måla i strategiplanen.

Stavanger, 19. januar 2010

Harald Jacobsen
Direktør
Museumsdirektør

Tor Vestrheim
Avdelingsdirektør
Museumsadministrasjonen